

Hilde Kristin Helland
Stranda 492
Ostereidet

Askeland, 1. august 2020

Alver kommune
Landbrukskontoret
Postboks 4
5906 Frekhaug

Søknad om løyve til oppgradering av eksisterande gardsveg på bruk nr. 17/1/0

Vedr. gjennomført nabovarsling av omsøkt tiltak: Det er ikkje innkome merknader til nabovarsel som vart sendt ut i juli med frist som gjekk ut 30. juli 2020. Varselet vart sendt ut digitalt via Altinn til 18 ulike eigarar i grensetomter.

På garden vår er heimebøane og området ned mot fjorden i ferd med å gro att. Granskogen som vart planta for snart 60 år sidan er hogstmoden – og bøane har i tillegg fått fullvaksen bladskog og nedre del av garden gror igjen.

Vi ønsker no å oppgradere den gamle kjerrevegen på nedsida av garden frå standard 4 til standard 7. Då får vi tatt ut skogen og gjort innmark/utmark meir tilgjengeleg og garden meir attraktiv også for overtaking av neste generasjon.

Forsømt vedlikehald av vegen over tid, har gitt vanskeleg tilkomst til den delen av garden som ligg ned mot sjøen og til naust. Ved at vi får til eit spleiseland saman med øvrige landbruksinteresser i øyni, ser vi at det er mogleg å få etablert den ønska vegen. Då får vi slått «fleire fluger i ein smekk»; Målet vårt om oppgradering av naust, uttak av hogstmoden skog og tilrettelagging for ein meir attraktiv gard å ta over for eldstemann, kan bli oppfylt. Vi håpar derfor at kommunen handsamar søknaden med velvilje og vil i det følgande greie ut om øvrige forhold som gjer at vegen no let seg finansiere og realisere dersom kommunen godkjenner:

Litt om bakgrunnen og situasjonen som gjer at dette er ønskeleg å få gjennomført no, er gjort greie for i det vidare:

Garden «Søre Askeland» har i dag eitt hovudtun der far min, Einar Helland bur. Eg og sambuaren min bur i nytt bustadhus like ved. Det er nokre år sidan det var eigne dyr på garden og vi hentar i dag våre inntekter utanfor heimen. For tida er jorda brukt av ein lokal bonde. Sonen min er tømrar og har signalisert ønske om å ta over bruket. Den gamle tilkomstvegen ned til sjø er attgrodd og stettar ikkje

høvet for tilkomst til naust og bakkane/slåttemarker ned til sjøen og til plantefeltet for gran både i bakkane og over i Askelandsøyri.

Vi ser at felling av den hogsmode skogen og vøling av naustet vårt krev oppgradert veg slik at naudsynt materiell og utstyr kan transporterast. Ved oppgradering til skogsbilveg, meiner vi å gjere garden betre rusta for å møtekome krava vi ser etterkomande generasjonar ønskar.
Vi anslår at inntil 10 dekar skog, omtrent 300 m³, kan takast ut.

Istandsetting av den gamle kjerrevegen har tidlegare vore uaktuelt for oss ettersom kostnaden har vore eit stort løft, seinast kostnadssett til ca. 1,25 millionar kroner. No viser det seg at det er fleire med landbruksinteresser i nabologat som ser seg tente med at det blir brukande veg – og at dei vil bidra med å finansiere ein slik veg som i sin heilsak vil samanfalle med våre interesser og gå på vår grunn. Interessentane har også gamal og festa rett om tilkomst til sine eigendomar via den gamle kjerrevegen.

Gbnr. 17/7/0 Stranda 498, Askelandsøyri

Dette er ei hytte utskilt frå hovudbruket til ein tidlegare son på hovudbruket. Hytta er i dag eigd av mi kusine, Randi Helland. Ho har vegrett med tilkomst til hytta på den gamle kjerrevegen. Ettersom vegen er därleg halden og stadvis attgrodd , vil ho ha god nytte av at tilkomsten no blir oppgradert.

Gbnr. 17/2/0 og 16/7/0 Stranda 500, Askelandsøyri

Dette er eit småbruk omgjort til fritidsbustad og omfattar nyrenovert hovudhus, løe med rehabiliteringsbehov og falleferdig naust. Bruket er eigd av Anne og Ole Jordal. Dei har sidan 2005 hatt mål om å sette garden i stand og rydde fram landskapsbiletet slik det var tidlegare. Dei gamle frukttræa er i stor grad rydda fram att og dei er i gang med nyplanting av bærbusker og frukttrær, samt uttesting av ymse vekstar for framtidige inntekter frå økologisk dyrking på bruket .

Manglande veg gjer arbeidet tidkrevjande. Dei har også hatt mykje skogvelte i vinterstormane siste åra. Dei vil ha stor nytte av veg – og vil på denne måten kunne gå laus på og få fart i rehabilitering av løe og istandsetting av naustet. Sidan dei overtok bruket, er det lagt ned mykje tid i skoging – og mykje står att. Så langt har det ikkje vore regningssvarande å frakte tømmer eller ved ut frå garden grunna manglande veg.

Dei har også hogsmoden skog som dei ønsker å leige gardssag for å nytte til rehabiliteringsføremål.. Målet deira er å kunne endre status på eigedomen frå fritidsbustad til fast bopæl. Oppgradering av vegen vil gjere det mogleg for dei å gjennomføre planane sine for å halde fram med å sette garden i stand og vidareutvikle eit konsept for økologisk, småskala frukt- og siderproduksjon.

Gbnr. 17/5/0 Stranda 467

Brukset er eigd og drive av gardbrukar Trond Stall, som har gardstunet sitt på oppsida av Stranda, hovudvegen. Han har naust ved sjøen, men har tungvinn tilgang til både dette og gardsstykket i bratta frå hovudvegen og ned til sjø. Han vil ha nytte av å vere andelseigar i vegen den første delen. Frå nedre del av den planlagde vegen, er det ca. 80 meter gange i relativt flatt sti-terring fram til naustet.

Avsluttande kommentarar:

Vi håpar at det let seg gjere å snarast få løyve til utbetring og attendeføring av kjerrevegen til dagens krav og standard for landbruksverksem. Vi er glade for at det no gjennom samarbeid med naboar, er råd å få finansiert opp den vegløysinga vi treng for framtida og for å ta vare på garden vår. Området mellom sjølve Askelandsøyni og bakkane nedanfor oss, er dei siste åra blitt stadig våtare og sto under vatn ved dei siste store flo-måla. Også ei mindre gangbru i Askelandsvågen kom under vatn ved siste storflo. Ved å legge vegen noko opp i terrenget ved kryssinga over til Askelandsøyni, meiner vi at øyna vil vere «landfast» heile året også framover.

Som tilleggsmoment kan vi nemne følgande:

- **Gardsbruket Stranda 502, Gbnr. 16/4/7**, Stykkje Gard v/Kalve & Nygård, eigd av Sidsel Kalve og Olav Nygård. Dei planlegg for framtidig «stille» gardsturisme i bakkane ned mot Askelandsvågen. Det er interessant for dei å evt. kunne bruke vår oppgraderte tilkomstveg for utvikling av sitt eige konsept. Vegen vi søker om vil ikkje vere til hinder eller sjenanse for Kalve/Nygård – eller til brukarar/framtidig gardsturisme i strandsona i indre Askelandsvåg. Kalve og Nygård er positive til vårt oppgraderingstiltak av veg.
- **Hytte, Stranda 496, Gbnr. 17/13/0, 17/11/0**, eigd av Kjell Harald og Astrid Helland Michalowski. Dei har etablert eigen parkeringsplass til si hytte der vegen startar. Dei er positive til at garden no etablerer landbruksveg ned til sjøen, men har ikkje sjølve ferdelsbehov på vegen. Vegen vil gjere strandsona tilgjengeleg til fots for hyttestasjonene.
- Det er ingen fortau eller gangveg langs Stranda. Lettare tilkome for turgåing ut til Askelandsøyna, vil gagne fleire turgåarar. I dag er særleg er stien/området ut til sjølve øyni for strabasiøs for eldre/dei med nedsett førighet/balanse ettersom han tidvis er svært gjørmete, sleip og bratt.
- Dersom det blir gitt løyve til oppgraderinga, vil vi opprette eit veglag som står for framtidig vedlikehald. Dette vil bestå av oss og dei tre interessentane som er nemnde ovanfor.
- Det blir nytta lokale entreprenørar til jobben

Vi ser fram til svar og håpar på snarleg handsaming slik at jobben kan kome i gang snarast.

Helsing

Hilde Kristin Helland



Vedleggskommentarar til søknadsskjemaet (Søknad om bygging av landbruksveg):

Oversikt over interessantene i vegen

- Dette er nærmere gjort greie for i dette søknadsbrevet, ref. ovanfor.

Oversikt over berørte naboer, rettighetshavere og andre som berøres av tiltaket

- Dette er eit tiltak som kun gjeld eigen gard. I den grad det kan vere relevant for andre, er det gjennomført dialog med dei. Vi vurderer ikkje oppgradering av eksisterande veg som varslingspliktig for naboar.

Det er yttarlegare to grunneigarar utover i Askelandsøyni og som begge har vegrett på den gamle kjerrevegen. Desse er ikkje pt. med i veglaget – men har ingen motforestillingar til veg (Ingvald Nedreås og arvingar etter Ida Grindheim). Dei vil ha rett til å seinare bli med i veglaget dersom ønske om nyttebruk. Ytste del av småbruket til Anne og Ole Jordal og øvrig del av øyni mot vest, er i dag brukt som heilårsbeite for villsau tilhøyrande Ingvald/Øyvind Nedreås.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, oversiktskart i målestokk 1:50 000, med inntegninger av tiltaket

- Det er lagt ved kart og illustrasjonar i fleire ulike målestokkar for best mogleg å få fram kvar i Alver kommune tiltaket er ønska og korleis tiltaket er tenkt gjennomført i terrenget

Egen vurdering av veiens virkning på flom- og skredfare for bygg og infrastruktur, og hvilke hensyn som evt. er tatt i planen, samt eventuelle uttalelse fra vegplanlegger eller geoteknisk sakkyndig

- Vegen er i stor grad oppgradering og reetablering av allereie eksisterande kjerreveg som har eksistert fleire generasjonar attende. Det er ikkje kjent at området er utsett for flom eller skredfare i traseen for vegen – og vi kjenner ikkje til at området på nokon måte har vore utsett for problematiske forhold tidlegare (med unntak av tre-velt i samband med sterk vind). Vi er kjende med ei kistegrøft som vegen vil kryssse. Denne blir forsterka. Av øvrig infrastruktur i området vil vi gå under BKK si kraftledning som går langs stranda i området. Det er god klaring under linja der vegen kryssar.
- Vi nyttar lokal entreprenør (Arnt Hagesæther). Han har befart området og tidlegare også etablert parkeringsplass for hytte, Stranda 496, og kjenner både geografien og grunnforholda godt. Han har med seg lokal kjentmann som også vil stå for sprenging der dette er naudsynt. Vegentrepreneur har uttrykt at oppgraderinga ikkje vil by på særlege utfordringar utover det vanlege – at grunnen er stabil og at tiltak i samband med krysning av bekk/kistegrøft, blir handtert forsvarleg. Vegoppgraderinga vil nyttiggjere seg av lokalt masseuttak. Det blir etablert eitt større masseuttak i vegtraseen – markert med raudt i illustrasjonen. Steinmassane vil vere viktige for å kome over det lågaste og våte området, samt oppstigningsdelen for siste vegstump til endestopp og velteplass i øyni. Vegen blir bygd etter forskrift for vegstandard 7 og det blir gjort tilpasning av kurvatur og tilrettelagt for at vegen på beste vis blir tilpassa landskapet. Entreprenøren har laga fleire slike vegar tidlegare og er godt kjend med forskrifter.
- Vi kjenner ikkje til at det er særskilte forhold i vegtraseen som er verneverdig eller representerer trussel mot artar eller naturmangfold i området. Området er ikkje inntekna på kart vi kjenner til med restriksjonar (utover LNF) eller som obs-område for jord-/steinskred.

Vedlegg:

1. Søknad om veg – skjema
2. Div. kart med inntekningar av veg, velteplass og hovedmasseuttak, fotomontasje